



Innkalling av Teknisk utval

Møtedato: 13.03.2014

Møtestad:

Møtetid: 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Terje Kallekleiv per tlf. , sms til eller per epost til terje.kallekleiv@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2014	Godkjenning av møtebok
03/2014	Klage på vedtak - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen- bygging av ny hytte gnr 5/21, Kjeøy
04/2014	Klage på vedtak - søknad om dispensasjon frå kommuneplan - oppføring av gjestehytte - gnr 15/1
05/2014	Bestandsplan over kommune- og fylkesgrenser - kommunalt løyve til samarbeidsprosjekt
06/2014	Delegerte saker
07/2014	Referatsak

25. februar 2015

John Torsvik
møteleiar

Terje Kallekleiv
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/339

Saknr	Utval	Type	Dato
01/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/339

Saknr	Utval	Type	Dato
02/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Teknisk utval 15.10.2013 (L)(62624)

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	Gbnr - 5/21, HistSak - 13/187	14/162

Saknr	Utval	Type	Dato
03/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Klage på vedtak - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen- bygging av ny hytte gnr 5/21, Kjeøy

Vedlegg:

Melding om politisk vedtak - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - bygging av ny hytte

Vedlegg Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.

Vedlegg Vurdering av søknad om dispesasjon frå pbl §1-8

Gbnr 5/21 Kjeøy - Klage på avslag om søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - bygging av ny hytte

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til § 19-2, 19-4 i plan – og bygningslova og tar ikkje klage på politisk vedtak til følge, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ny hytte, gnr 5 bnr 21, Kjeøy. Grunngeving: I det omsøkt området er arealet i dag avsett til LNF-området i kommuneplanen, og innafor 100 m til sjø, og gjeldane føresegner til kommuneplanen er maks BRA på 120m². I områder der det ikkje er LNF-område, er det reguleringsføremålet og regulerings bestemmelsane som angir kva som kan tillatast i området. Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av hytte nr 2 på gnr 5/21, Kjeøy.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

aka gjeld klage på politisk vedtak sak 016/13, avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til oppføring av anneks gnr 5/21, Kjeøy.

Det vart 11.03.13 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ny hytte på BRA 80m², hyttenr 2 på gnr. 5 bnr. 21. Søknaden vart i teknisk utval, datert 13.10.13, avslått med grunngeving i til at det i arealplanen for Masfjorden kommune er satt av areal til fritidsbustader i nærområdet. Det er naturleg at tiltaket vert teke opp i samband med revisjon av kommuneplanen, og at nye tiltak kan fremjast i samband med fornying av arealplanen for Masfjorden kommune. Søkjer har i brev, datert

28.11.13 påklaga vedtaket. Klagen ligger ved som vedlegg

Fakta

Saka gjeld klage på politisk vedtak i sak 016/13, avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til oppføring av hytte nr 2, gnr 5/21, Kjeøy.

TU-015/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune viser til plan – og bygningslova § 19-2, og avslår søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 pbl til oppføring av hytte nr. 2 gnr. 5 bnr. 21, Kjeøy.

Det skjedde i Teknisk utval den 15.10.2013:

Teknisk utval diskuterte saka og grunn gav vedtaket med følgjande tillegg:

«Teknisk utval legg også til grunn at det i arealplanen for Masfjorden kommune er satt av areal til fritidsbustader i nærområdet. Det er naturleg at tiltaket vert teke opp i samband med revisjon av kommuneplanen»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Masfjorden kommune har den 28.11.14 mottatt klage frå tiltakshavar på vedtak TU 016/13

Sjå vedlegg

Vurdering

Ved å dispensere frå kommuneplanen vil ein opne opp for bygging av hytte nr 2, med total BRA på 180m² på same eigedom. Området ligg som landbruk, natur og friluftsområde, og innafor, § 1-8 forbud mot tiltak m.v. langs sjø og vassdrag, og gjeldane føresegner til kommuneplanen er maks BRA på 120m² for hytter.

I områder der det ikkje er LNF-område, er det reguleringsføremålet og reguleringsbestemmelsane som angir kva som kan tillatast i området. I arealdelen til kommuneplanen har omsøkt området definisjon LNF-område. Formålsbestemmelsane i planen vil verta vesentleg til sidesett dersom det skal opnast opp for å gje dispensasjon for bygging av hytte nr 2 og BRA større enn 120m² på same gnr/bnr.

Det skal difor ikkje opnast opp for bygging av hytte nr 2 på same eigedom i Masfjorden kommune. Ein vil då opne opp for eit BRA areal på med til saman 180m². I gjeldane føresegner til kommuneplanen er maks BRA på 120m².

Det er i arealplanen for Masfjorden kommune satt av areal til fritidsbustader i nærområdet.

Etter ei samla vurdering finn rådmannen at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå plan og føresegner, at det vil vera i strid med kommuneplanen å dispensera frå plankravet.

Det føreligg ingen nye moment i søknaden som talar for å gje dispensasjon til bygging av hytte nr 2, frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova.

Rådmannen meiner at omsynet bak pbl 1-8 (bygging i 100-meters beltet) og arealdelen og føresegner til kommuneplanen, vert vesentleg sett til side, og ein kan opne opp for bygging av hytte nr 2 og BRA 180m2 på på same eigedom.

Etter ei samla vurdering finn rådmannen at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå Kommuneplan.

Moment som talar mot godkjenning:

1. Arealbruken i kommuneplanen er LNF, og innafor forbud mot tiltak mv. lands sjø og vassdrag.
2. Ein vil opne opp for eit BRA areal på til saman 180m2.
3. Tiltaket vil soleis føra til auka privatisering.
4. Det er i arealplanen for Masfjorden kommune satt av areal til fritidsbustader i nærområdet.
5. Det føreligg ingen nye moment i søknaden som talar for å gje dispensasjon til bygging av hytte nr 2,

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

1. Ein kan nytta seg av eksisterande av infrastruktur.

Med tilvisning til plan- og bygningslova sin § 19-2 om at det skal liggja føre ei overvekt av omsyn for å gje dispensasjon, kan ein ikkje sjå at dette er til stades.

Momenta i søknaden for å ikkje dispensera frå kommuneplanen er at ulempene vil vere større enn fordelane, og det tilrådest difor at det ikkje vert gjeven dispensasjon.

Konklusjon

Masfjorden kommune ved teknisk utval opprettheldt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ny hytte, gnr 5 bnr 21, Kjeøy.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	Gbnr - 15/1, HistSak - 13/335	14/183

Saknr	Utval	Type	Dato
04/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Klage på vedtak - søknad om dispensasjon frå kommuneplan - oppføring av gjestehytte - gnr 15/1

Vedlegg:

Melding om politisk vedtak - søknad om dispensasjon - oppføring av gjestehytte, Raunøy
Klage på vedtak

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til § 19-2, 19-4 i plan – og bygningslova og tar ikkje klage på politisk vedtak til følgje, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks, gnr 15 bnr 1, Raunøy. Grunngeving: Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld klage på politisk vedtak sak 016/13, avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til oppføring av anneks gnr 5/21, Kjeøy.

Det vart 15.05.13 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks på gnr. 15 bnr. 1. Søknaden vart i teknisk utval, datert 13.10.13, avslått med grunngeving i at nye tiltak kan fremjast i samband med fornying av arealplanen for Masfjorden kommune. Søkjer har i brev, datert 28.11.13 påklaga vedtaket. Klagen ligger ved som vedlegg.

Fakta

Saka gjeld klage på politisk vedtak i sak 016/13, avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til oppføring av anneks gnr 15/1, Raunøy.

TU-016/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune ved teknisk utval viser til § 19-2, jf, 19-4 i plan – og bygningslova og avslår søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av gjestehytte, gnr 15 bnr 1, Raunøy.

Grunngjeving:

I omsøkt området er arealet i dag avsett til LNF-området i kommuneplanen. I områder der det ikkje er LNF-område, er det reguleringsføreåret og regulerings bestemmelsene som angir kva som kan tillatast i området. I arealdelen til kommuneplanen har området definisjon LNF-området. Ved å dispensere frå kommuneplanen vil ein opne opp for bygging av hytter i eit området som ligg som landbruk, natur og friluftsområde. Det skal difor ikkje opnast opp for bygging av frittliggande hytter i LNF – område. Etter ei samla vurdering finn teknisk utval at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå plan, og at det vil vera i strid med kommuneplanen å dispensera frå kommuneplanen.

Teknisk utval gjer merksam på at nye tiltak kan fremjast i samband med fornying av arealplanen for Masfjorden kommune.

Det skjedde i Teknisk utval den 15.10.2013:

Teknisk utval diskuterte saka og grunngav vedtaket med følgjande tillegg:

«Teknisk utval gjer merksam på at nye tiltak kan fremjast i samband med fornying av arealplanen for Masfjorden kommune».

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegget frå utvalet vart samrøystes vedteke.

Masfjorden kommune har den 28.11.14 mottatt klage frå tiltakshavar på vedtak TU 016/13

Som det framgår av min søknad er det ikkje snakk om ei hytte på egen tomt, men kun eit lite anneksgjestehytte for overnatting utenom/i tiknytning til gårdshuset.

Gårdshuset brukast pr i dag som fritidsbustad og det er ikkje drift på bruket, kun nabo som sler graset på ein del av innmarka.

Kan med dette ikkje sjå at søkte tiltak vil åpna for generell hytte bygging, noko som heller ikkje er søker sitt ønskje.

Tiltaket vil verken vera i konflikt med strandlova, fulgleresevot, heller ikkje til hinder for almen fri ferdsel og vil ikkje koma i konflikt med evetuell gardsdrift, dersom det skulle værta aktuelt.

Ser og på kommunen sine heimesider at det er gjeve løyve til lignande tiltak i LNF område andre plasser i kommunen . Skjønar difor ikkje at søkte tiltak ikkje skal kunna godkjennast når lignade tiltak er godkjent ellers i kommunen.

Formålet med søknaden var å få løyve til å byggja eit anneksgjestehytte for å få ekstra sengeplasser slik at barn og barnebarn kan koma på besøk om sommeren samtidig som eg er der, og sleppa og liggja i stova på sofaen eller liggja i telt.

Vurdering

Omsøkt tiltak ligger i eit LNF-område, og krev difor dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen. Ved å dispensere frå kommuneplanen vil ein opne opp for bygging av hytter i eit området som ligg som landbruk, natur og friluftsområde. Det skal difor ikkje opnast opp for bygging av frittliggande hytter i dette området. I områdr der det ikkje er LNF-område, er det reguleringsføremålet og reguleringsbestemmelsane som angir kva som kan tillatast i området. I arealdelen til kommuneplanen har omsøkt området definisjon LNF-område.

I verdikart og temakart i kommuneplanen har Raunøyna svært høg verdi.

Formålsbestemmelsane i planen vil verta vesentleg til sidesett dersom det skal opnast opp for å gje dispensasjon for bygging av hytter i LNF- området og områder med svært høg verdi i verdikart og temakart.

Ettersom kommunen ynskjer å få ein meir målrette arealbruk, skal det i samband med rulleringa av arealdelen til kommuneplanen vurderast korleis område som er best egna for fritidsbustadar i kommunen. Inntil denne planen er på plass vil kommunen vere restriktiv med å gje dispensasjon frå generelt byggjeforbod i strandlina. Dette er i samsvar med overordna planverk.

Momenta i søknaden for å ikkje dispensera frå kommuneplanen er at ulempene vil vere større enn fordelane, og det tilrådest difor at det ikkje vert gjeven dispensasjon.

Med tilvisning til plan- og bygningslova sin § 19-2 om at det skal liggja føre ei overvekt av omsyn for å gje dispensasjon, kan ein ikkje sjå at dette er til stades.

Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks.

Konklusjon

Masfjorden kommune ved teknisk utval opprettheldt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av anneks, gnr 15 bnr 1, Raunøy.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K40	14/332

Saknr	Utval	Type	Dato
05/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Bestandsplan over kommune- og fylkesgrenser - kommunalt løyve til samarbeidsprosjekt

Vedlegg:

Inndeling HordaHjort

Inndeling HordaHjort - prosjektskildring

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver: 25.000,-/år inkl mva innanfor prosjektperioden på 5 år frå 2013 til 31.12.2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I følge rundskriv til forskrift om forvaltning av hjortevilt (forvaltingsforskrifta) bør alt hjortevilt forvaltast etter ein plan, og kommunen må gjere vedtak om målsettinga for forvaltninga. Bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvaltning av elg og hjort.

Forskrift § 4: To eller fleire kommunar bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandane når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanlegginga over kommunegrenser. ...

Rundskriv: Merking av hjort og elg med GPS har gitt verdfull ny kunnskap om dyras områdebruk, og seier også mykje om på kva skala det er hensiktsmessig å forvalte bestandane. ...

Forskrift § 17: Kommunen skal stimulere til og leggje til rette for samarbeid mellom jaktrettshavarane. Der samarbeidet føregår over kommunegrenser og/ eller fylkesgrenser, skal kommunane bidra til regional, bestandsretta forvaltning ved godkjenning av vald, bestandsplanområder og ved andre former for samarbeid.

Rundskriv: Ei av kommunane sine oppgåver er å stimulere til etablering av hensiktsmessige vald og bestandsplanområder i forvaltninga av hjortevilt. ... Relevant informasjon og økonomiske bidrag frå det kommunale viltfondet kan vere effektive stimuli i dette arbeidet. Kommune- og fylkesgrenser skal ikkje vere til hinder for å oppnå hensiktsmessige vald eller bestandsplanområde.

Rundskriv (angående godkjenning av bestandsplanområde § 16): Kommunen bør samarbeide med jaktrettshavarane for å oppnå ein struktur på bestandsplanområda som er hensiktsmessig for forvaltning av vedkomande art. Spesielt bør det arbeidast for at alle eigedomane som naturleg høyrer med til eit forvaltingsområde, blir med i eit bestandsplanområde.

Fakta:

Masfjorden kommune har som ein av dei 30 kommunane i prosjektet «Hordahjort» vore aktivt med. Kommunen har hatt 5 GPS merka dyr i perioden 2008- 2012. Gjennom dette prosjektet samt liknande merkeprosjekt i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har ein fått ein god del ny kunnskap om hjorten. Ytterlegare opplysningar som td.sporing av dyr finn ein på heimesida til: www.hordahjort.no

Sogn og Fjordane skogeigarlag BA og Vestskog har utarbeida eit prosjektforslag for alle dei 4 vestlandsfylka som kallast: Forvaltning av hjortebestanden 2013 – 2017. Prosjektet har som hovudmål å etablera bestandsforvaltning av hjort på Vestlandet. Dette er eit forslag som er basert på at kommunane, Fylkeskommunen og direktoratet bidreg økonomisk. Masfjorden er litt over snittet i storleik med oppunder 400 felte dyr og det vil vera naturleg å freista på eit samarbeid med Gulen kommune. Gulen har ein felling på 500-600 dyr.

Forslaget begrensar seg geografisk til Masfjorden si nordside, heile Gulen og avgrensa til E39 i aust.

Desse grensene har kome fram gjennom bygdemøter, sonemøter og kommunesamlingar saman med representantar frå «Hordahjort» Grensene er ikkje endeleg, men eit godt utgangspunkt for kor stort eit bestandsplanområde bør vera. Alle bestandsplangrensene i prosjektet kjem fram av kartet under.

Sørsida av Masfjorden er tenkt felles med ein liten del av Lindås samt vestre del av Høyanger, sjå kart.

Vurdering:

Rådmannen ser positivt på forslaget, og for Masfjorden sin del blir kommunen sitt bidrag uforandra med 25. 000,-/år same kor ein set bestandsplangrensene. Ei forutsetjing for at prosjektet skal realiserast fult ut, er at nemnde nabokommunar også bidreg. Alternativt går det an å starte med td samarbeidet mot Gulen først.

Konklusjon

Masfjorden kommune bidreg 25.000,-/år til bestandsplanprosjektet finansiert av viltfondskontoen til kommunen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/339

Saknr	Utval	Type	Dato
06/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Delegerte saker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
01/2014	Melding om delegert vedtak - Igangsettingsløyve - hus nr2 på garden - gnr 27/2 Nordland
03/2014	Melding om delegert vedtak - søknad om oppføring av fritidsbustad, gnr 50/117, Kleivetoppen

Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/339

Saknr	Utval	Type	Dato
07/2014	Teknisk utval	PS	13.03.2014

Referatsak

Vedlegg:

Jaktstatistikk for Masfjorden 2009 - 2013

Oversendelse av endret tillatelse for Halliburton Mongstadbaser

Endret tillatelse for Halliburton Mongstadbaser

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
07/2014.1	Endret tillatelse for Halliburton Mongstadbaser
07/2014.2	Jaktstatistikk for Masfjorden 2009 - 2013

Framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar: